

Referat frå telefonmøte mandag 16.september i arbeidsgruppe 2

Møtet styrt frå Fylkeshuset i Kristiansand, møterom Ny Hellesund. Møtestart kl 12.00

Desse møtte:

Desse møtte:	
Bjørg Hellem (BH)	Vest-Agder Fylkeskommune. Leiar
Arne Heggland (AH)	Statens Vegvesen Sør
Knut Nomeland (KN)	SR Villreinlag
Arild Stene (AS)	Lyse Produksjon AS
Bjørn Brandtzæg (BB)	DNT Sør
Helge Tonstad (HT)	Villreinnemnda, Sirdal kommune
Torleif Harstad (THa)	Valle kommune
Lars Arne Bay (LAB)	Sekretær
Meldt forfall:	
Tarjei Haugen (TH)	Verneområdeforvaltar
Jonny Liland	Sirdal kommune

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Arbeidsgruppe 2 skal ha fokus på tema 3: Kva betyr Brokke-Suleskardvegen, samt vegar mellom SR og naboområder

Vi konkluderte i sist møte med at fokuset vårt var nord og sør for Brokke-Suleskardvegen. Arbeidsgruppe 1 dekkar området frå Store Urevatn i nord til og med anleggsvegen inn til Svartevassmagasinet. Vegen til Lyse og vegen opp Setesdal mellom vest og aust er ikkje med.

Målet er å bedra vilkåra slik at dyr lettare trekker inn i beiteområder som i dag er lite nytta.

Kva har skjedd så langt i sommar

1. Det er utplassert 5 tellarar som skal dokumentera ferdsel langs mange brukte stiar. Desse registreringane fortsett til neste år.
2. Det er lagt ut spørreskjema på Øyuvsbu for å kartlegga kor turistane har lagt turen. Vi har fått ca. 100 tilbakemeldingar. Bør dette fortsetta i 2014?
3. Vi har hatt ein trafikkteilar som registrerer biltrafikken langs vegen.
4. Det er gjennomført registreringar av parkerte bilar langs vegen i helgene i perioden juli/august.
5. Det er arbeid i gang med å kartlegga aktivitet ut frå turisthytter og Statskoghytter. Sekretæren har ansvaret for dette.
6. Det er arbeid i gang med å kartlegga aktiviteten på Roskreppfjorden. Sekretæren har ansvaret for dette.

7. Det er arbeid i gang med å kartlegga omfanget av organiserte aktivitetar i området. Tarjei Haugen har ansvaret for dette.
8. Det er arbeid i gang med å kartlegga omfanget av helikopter og snøscootertrafikk i området. Tarjei Haugen har ansvaret for dette.
9. Det gjenstår å få oversikt over busstrafikken (antall og tider). Sekretæren har ansvaret for dette.
10. Vi har ikkje skaffa kart som viser autovern og sauegjerder. Sekretæren har ansvaret for dette.

Konklusjon

Angående pkt 4. Når vi får talla, bør vi vurdere om dette er nok. Mulig vi bør registrere meir systematisk fra veien åpner til den stenger.

Angående pkt 3. Telleren blir tatt inn for vinteren 15.oktober. Arne Heggland sjekkar om vi får tilgang til tellaren også neste år. Innkomne data blir tatt ut av Statens Vegvesen.

Angående pkt 10. Ein bør vurdere bruk av gps for å få denne registreringa til.

Frist for tilbakemelding er 1.desember 2013. Så legg vi opp til eit møte etter den datoen då vi går gjennom innsamla informasjon.

Status for merka dyr:

Det vart merka 7 bukkar og 2 simler sist vinter. 2 bukkar vest for Blåsjø, 1 bukk aust for Blåsjø, 3 bukkar sør for Brokke-Suleskardvegen og 1 nord for vegen. I tillegg 2 simler; ei i sør og ei i nord.

Bukk nr. 1 merka vest for Blåsjø. 10/3 drog han austover til austsida av Blåsjø. Kryssa i sørenden av Blåsjø. Var tilbake til Beinlei 19/3, men returnerte samme ruta mot aust att 29/3. Har vore i området Hovatn, Bygdeheia, Vatnedalen etterpå.

Bukk nr. 2 merka vest for Blåsjø/Svartevassmagasinet. 27/5 drog han austover til austsida av Blåsjø. Kryssa i sørenden av Blåsjø. 5/7 var han tilbake på vestsida ved Beinlei.

Bukk nr. 3 merka på austsida av Blåsjø. Var ned til Botsvatn og drog norrd att under Gyfossen og opp Steinbuskardet. Er nord for Botsvatn.

Bukk nr. 4 merka aust for Roskreppfjorden. Droг kjapt til Aurahorten (vest for Svartevassmagasinet. 27/5 drog han austover saman med bukk nr. 2. 12/7 er den registrert i Djupetjørnnuten (ligg på nordsida av Botsvatn) der den har stått seinare.

Bukk nr. 5 merka sør for Brokke-Suleskardvegen. 15/7 var han på Aurahorten. Siste kontakt var 23/7, som kan bety at han står i eit område uten mobildekning.

Bukk nr. 6 merka sør for Brokke-Suleskardvegen. 10/6 kryssa han vegen nordover (nær Myklevatn). 17/6 kryssa han Botsvatn (svømte) og er no på Bygdeheia.

Bukk nr. 7 merka sør for Brokke-Suleskardvegen. Har vore i sør fram til jakta. Vart skoten første jaktdagen i Gruvledalen i Bygland. Funnen daud av fotturist to dagar etterpå. Anmeldt grunna manglande ettersøk.

Simle nr. 1 rémerka i nordområdet i 2012 der den har vore sidan 2007 (merka første gang).

Simle nr. 2 merka i sørområdet aust for Roskreppfjorden der den er fortsatt.

3 simler merka i 2011 gir fortsatt signal. Ei er i nordområdet og 2 aust for Roskreppfjorden (i praksis gir dyra signal i 2 år før batteria går ut).

Drøfting

Merking av dyr

Arbeidsgruppa er samstemt om at vidare merking må ha 1. prioritet. Dette gjeld særleg for områder med lite dyr der målet er at dette skal bedras.

Kan vi få meir informasjon om dyr gjennom andre kanalar enn GPS-sendarar?

Informasjon om observerte dyr fra både jegrar og sauasankarar kan samlas inn. Dette er noe vi bør leggja til rette for i 2014.

Datatilgang om merka dyr i periodar då dette er sperra

Det har verdi å vita om merka dyr nærmar seg barrierer i periodar når dette ikkje er tilgjengeleg. Det tas opp med styret/NINA om utvalgte personar får tilgang til GPS dataene kontinuerlig. Utvalgte personer kan sjekke årsaken til om villreinen stoppar, snur mm.

Kartlegging av scootertrafikk

Nye reglar tillet øvingskjøring for leitemannskap mm. Tillatelse blir gitt av politiet. Blir dette loggført slik regelverket er for øvrig aktivitet? Dersom ikkje så må det tas kontakt med politi/lensmannskontor slik at dette også blir loggført.

Kartlegging av ferdsel om vinteren langs oppkjørte spor og langs merka løyper

Ved å merke løyper og preparere skispor får ein kanalisert ferdselen til 80-95% av turfolket. Det blir kjørt opp preparerte skispor inn i områder brukt av villrein. Bør vi satsa på å få tall for denne aktiviteten? Dette er gjort på Hovden tidlegare iflg. SNO. Målet må vera å få ein status for aktiviteten.

Konklusjon: Vi henvender oss til kommunane og får eit kart som viser kvar det er merka løyper og preparerte skispor i området Sirdal, Valle, Bygland, Kvinesdal, Åseral og Hægebostad. Vi ber også om opplysningar om når og kor ofte skisporene vert kjørt opp.

Turistforeningen opplyser at det er ok å ha kartleggingsskjemaene ut på hyttene også vinterstid. Vi kjem tilbake mhp stad og aktuell tidsperiode.

Utarbeiding av Sti- og Løypeplan i kommunane

I Heiplanen er det forutsatt at kommunane skal lage sti- og løypeplaner. Det må vera ei målsetting at kommunane får utarbeidd slike planar raskaest mulig for å unngå at ein legg til rette for aktivitet der dette bør unngås.

Fellingsresultat

Det er viktig at det blir samla inn statistikk for felling slik at dette kan sammenliknast med tidlegare statistikk.

Bør vurdere å innføre skjemaet SETT VILLREIN, tilsvarende SETT ELG. For å få kunnskap om kvar villreinen er i tillegg til de merka dyra.

Har vi nok registreringar?

Dette må arbeidsgruppa ta stilling til i neste møte når innsamla data er gjort tilgjengeleg. Nye registreringar må i så fall vera klare til neste sesong.

Då er det også lettare å vurdere evt. tiltak med basis i innsamla kunnskap.

Møtet slutt kl 13.10

Neste møte er planlagt etter 1. desember 2013

Lars Arne Bay